



KVAM KOMMUNE EINING FOR TEKNISKE TENESTER
Grovagjelet 16
5600 Norheimsund

Sakshandsamar:
Anette Heggøy

Rapport frå inspeksjon ved avløpsanlegga i Øystese- Nordheimsund tettstad

Kontrollnummer: 2020.074.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Nils Eivind Stranden
Erling Eid
Jarle Ystebø

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Sissel Storebø
Anette Heggøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Øystese-Nordheimsund tettstad den 15. oktober 2020. Fylkesmannen fekk i brev av 10. november 2020 tilbakemelding på rapporten frå heradet. Vi har endra en del i rapporten basert på dykkar kommentarar.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 2 avvik og gav 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemdas internkontroll har manglar
- Laupsa reinseanlegg er ikkje sanert innan fristen i løyvet

Merknader:

- Energistyringssystemet for avløpsanlegga kan bli betre

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Anette Heggøy
overingeniør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kopi til: Kvam herad

1 Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: KVAM KOMMUNE EINING FOR TEKNISKE TENESTER	
Organisasjonsnr.: 974774380	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Avløpsanlegg i Øystese-Nordheimsund tettstad	Anleggsnr.: 4622.0023.01
Kommune: Kvam	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 3. juni 2016	Sist endra:

2 Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Prosess og reinseutstyr
- Kjemikalie
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3 Oppfølging etter inspeksjonen

Kvam herad pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Kvam herad innan 31. januar 2020 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta eventuelt ein plan for retting, og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Anette Heggøy.

4 Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 17. september 2020. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Kvam herad betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5 Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6 Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemdas internkontroll har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 4, 6 og 7
- Utsleppsløyve av 3. juni 2016, punkt 1.2, 1.3, 2.1 og 2.3.7

Kommentarar til regelverket:

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Mål for helse, miljø og tryggleik

I samsvar med internkontrollforskrifta §5 andre ledd punkt 4, skal det fastsetjast mål for helse, miljø og tryggleik for verksemda. I løyvets punkt 2.3.7 er det krav om fastsetjing av mål og tidfesting av delmål for å etterkoma krav til funksjon for avløpsanlegga. Måla må vera realistiske og målbare i samsvar med verksemdas risikovurderingar og må følges opp aktivt og på ein systematisk måte.

Miljørisikovurderingar og handlingsplanar

I samsvar med internkontrollforskrifta §5 andre ledd punkt 6, skal det gjennomførast miljørisikoanalyse av verksemda. Analysen skal kartlegge fare og problem med omsyn til ytre miljø, og verksemda skal på bakgrunn av dette vurdere risiko. På bakgrunn av risikoanalysen skal det utarbeidast handlingsplanar og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva.

I løyvet punkt 2.1 er det krav om at det innan 31. desember 2016 skal utarbeidast ei samla risiko- og sårbarheitsvurdering for avløpsanlegg og avløpsnett som løyvet omfattar. Det er vidare krav om nye vurderingar i samband med driftsstart for nytt hovudreinseanlegg på Notaneset.

Risiko som overskrid akseptkriterier skal følgjast opp i ein forpliktande handlingsplan. Vurderingane skal oppdaterast jamleg og ved vesentlege endringar.

Avvikshandtering

I samsvar med internkontrollforskrifta skal verksemda iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiksløvgivinga. Relevante rutinar kan vere rutinar for korleis vedlikehald skal gjennomførast, drift av reinseanlegga, handtering av avfall og avvikshandtering.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Mål for helse, miljø og tryggleik

Overordna mål for avløpsarbeidet i tettstaden er presentert i Kvam herad sin kommunedelplan avløp 2017-2024, datert 1. juni 2017. Mål og visjonar for heradets HMS-arbeid er vidare presentert i heradets internkontrollsystem Compilo. Det er ikkje definert meir detaljerte, målbare målsettingar for avløpsarbeidet.

Miljørisikovurdering og handlingsplanar

Miljørisikovurdering

Miljørisikoanalysen for avløpsanlegga er ikkje oppdatert. Kvam herad si miljørisikovurdering for avløpsanlegga er frå 2011. Det er ikkje utført nokon fullverdig ROS-analyse for anlegga

sidan då. ROS-analysen frå 2011 inneheld aktuelle tiltak for å redusere risiko identifisert i analysen. Analysen inneheld ikkje informasjon om status på dei aktuelle tiltaka.

Leverandør av Notaneset reinseanlegg har i 2019 utarbeida ein ROS-analyse for det nye reinseanlegget. Hovudfokus i denne ROS-analysen er tryggleik, helse og arbeidsmiljø (SHA) ved arbeid i anlegget i anleggets bygge- og driftsfase. Konsekvensar for ytre miljø, driftsmessige forhold er til ein viss grad vurdert. Det er i følgje heradet også utført ei risikovurdering for kjemikaliar med hovudfokus på helsefare.

Ved tilsynet viste Kvam herad også til at det i samband med utarbeidinga av gjeldande kommunedelplan for avløp datert 1. juni 2017, vart gjort ein gjennomgang av tiltaksbehov på heradet sine avløpsanlegg. Tiltaka vart sett opp med prioriteringsrekkefølge, og prioriterte tiltak frå kvart geografiske område vart vidareført i handlingsplanen i kommunedelplanen.

Fylkesmannen tilrår at metodikk i Norsk Vann rapport 197/2013 « Avløpsanlegg – vurdering av risiko for ytra miljø» nyttast ved oppdateringa av miljørisikovurderinga og tilhøyrande tiltaksplan.

Avvikshandtering

Verksemda har system for registrering av avvik i sin internkontroll tilgjengeleg via heradet sine intranettsider. Registrerte driftsavvik blir gjennomgått på verksemdas morgonmøte dagen etter. Dette har blitt informert om til driftsoperatørane på e-post.

Avvikssystemet er lite i bruk på avløpsområdet, berre to avvik er registrert i 2020. Ei medverkande årsak til dette kan vere at verksemda manglar felles skriftlege retningslinjer for kva som skal definerast og registrerast som avvik.

Retningslinjer for avviksregistrering knyta til prøvetaking på reinseanlegget er ivaretatt gjennom DIHVA sitt system for akkreditert prøvetaking.

Avvik 2

Laupsa reinseanlegg er ikkje overført til Notaneset innan fristen i løyvet

Avvik frå:

- Utsleppsløyve av 3. juni 2016, punkt 2.3

Kommentarar til regelverket:

Fylkesmannen har gitt Kvam herad unntak frå sekundærreinsekravet, jf. forureiningsforskrifta § 14-8. Avløpsvatnet for Øystese-Nordheimsund tettstad skal gjennomgå primærreinsing før utslepp til Hardangerfjorden (Ytre Samlafjorden), jf. forureiningsforskrifta § 14.2 og tabell 3 i løyvet. Reinsekrava skal vere oppfylt seinast 31. desember 2018. Same frist gjeld for overføring av avløpsvatnet frå dei andre anlegga i tettstaden til hovudanlegget på Notaneset.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Ved tilsynet vart det opplyst at avløpsvatn som føres til Laupsa reinseanlegg framleis ikkje er overført til Notaneset. Forholdet er å anse som eit brot på heradets utsløppsløyve.

Fylkesmannen har ikkje myndigheit til å forlenge fristane om etablering av primærreinsing i løyvet. Utbygging av bustad- eller hytteområde (>50 pe) innanfor avløpssonen til Laupsa reinseanlegg vil vere eit brot på løyvet.

Kvam herad opplyser i skriv til Fylkesmannen datert 10. november 2020, at ein har prioritert å gjere ferdig hovudreinseanlegget ved Notaneset fyrst. Mykje av det førebuande arbeidet for overføringa frå Laupsa til Notaneset er likevel utført. Reguleringsplan og plassering av pumpestasjon er klar og botnkartlegging for overføringsleidninga i sjø er utført. Mange lokale utsløppspunkt til sjø er sanert og kopla på ny kommunal leidning til eksisterande reinseanlegg (slamavskiljar) ved Laupsa, i påvente av overføring til Notaneset.

For å ta hand om og gjennomføra gjenståande prosjekt treng ein større kapasitet på prosjektgjennomføring i heradet. Kvam herad har eit mål om å få gjennomført overføringa til Notaneset i 2021.

7 Merknader

Merknad 1: Energistyringssystemet for avløpsanlegga kan bli betre

Kommentar:

I utsløppsløyvet punkt 9.1 er det stilt krav om rutinar for regelmessig vurdering av tiltak for å oppnå ei mest mogeleg energieffektiv drift av heile avløpsanlegget. Eit energistyringssystem skal vera etablert innan 31. juni 2018 og inngå i internkontrollen.

Tilsynet viste at Kvam herad på fleire område har utført energivurderingar for avløpsanlegga, spesielt når det gjeld nye delar av avløpsanlegga. Energisparing har mellom anna vore blant vurderingskriteria som har blitt lagt til grunn ved val av ulike løysingar og komponentar ved nye Notaneset reinseanlegg. Det er vidare lagt til rette for utnytting av overskotsvarme frå avløpsvatnet ved at det er etablert varmevekslarar i anlegget som bidrar til oppvarming av bygningen. VA- norma til heradet stiller også krav til energieffektivitet (frekvensstyring og energieffektive pumper) for alle nye pumpestasjonar som vert etablert.

Heradet opplyser i skriv til Fylkesmannen 10. november at alle energisystem er tilknytt heradets driftsovervaking der ein mellom anna kan hente ut oversikter og trendar for straumforbruk. Dette har danna grunnlag for å skifte ut nokon av dei eldre pumpestasjonane i heradet.

Det er ikkje etablert eit energistyringssystem for verksemda, med rutinar for regelmessig vurdering av tiltak for å oppnå mest mogeleg energieffektiv drift av anlegga. Energistyringssystemet skal inngå i verksemdas internkontroll.

8 Andre tilhøve

Status for etablering av primærreinsing i tettstaden

Nytt reinseanlegg ved Notaneset vart sett i drift i april 2019, og vil vere i prøvedrift fram til 2021. Heradet skal etter planen overta anlegget frå leverandør Krüger-Kaldnes i mars 2021. Reinseanlegget er bygd for å overhalde krava i utsleppsløyvet om primærreinsing, og er også tilpassa for utviding til framtidig sekundærreinsing. Med unntak av Laupsa reinseanlegg er alle dei tidlegare reinseanlegga sanert og overført til nye Notaneset reinseanlegg. I 2020 er om lag 11 000 pe knytt til kommunalt avløp i tettstaden. Dette inkluderer også mykje av hyttefelta på Kvamskogen og Eikedalen, inklusive enkelte hytteområde i Samnanger kommune.

Organisering

Avløpsanlegga i heradet vert drifta av 6 driftsoperatørar og 1 driftsleiar. Teknisk vakt har ansvar for drift av reinseanlegg og prøvetaking og oppgåva vert rullert frå veke til veke mellom alle driftsoperatørane. Resten av driftspersonellet tek seg av driftsoppgåver gitt av registreringar i Gemini, der alle rutineoppgåver er lagt inn, samt andre oppgåver.

Handlingsplanar

Planlagde større arbeid på avløpssida, som saneringstiltak og oppgraderingar, er samla i handlingsplanen i kommunedelplan for avløp 2017-2024. Kommunedelplanen legg opp til oppdatering av tiltaksplanen kvart år i samband med budsjett – og gebyrhandsaming. Tiltaksplanen var sist oppdatert i 2017. Heradet bruker likevel planen og prioriteringsrekkefølga i planen aktivt ved årleg budsjettarbeid. Det tas utgangspunkt i kva prosjekt som er utført, og kva prosjekt som står att. Dette har heradet interne lister på. Dei årlege planane inneheld som regel også fleire nye saneringsprosjekt som ikkje står i opphavsleg tiltaksplan, men er knytt til nye veganlegg, skular etc.

Det vert utarbeida årsplanar for driftsprojekta i samband med budsjettbehandling i heradet. Årsplanen omfattar både faste rutineoppgåver og andre naudsynte driftsprosjekt/arbeidsoppgåver. Årsplanane er utarbeida på bakgrunn av registreringar og oppgåver lagt inn i Gemini, logg frå driftskontrollen, erfaringar frå tidlegare år og tilbakemeldingar frå driftspersonell.

Driftsstabilitet på reinseanlegg og oppnåing av reinsekrav

Det er ein del variasjon i belastning på anlegget (ein del innlekkasje på Kvamskogen, høgare belastning i feriar frå hyttefelta mm), men reinseanlegget fungerer likevel godt. Foreløpig sluttrapport frå leverandør av reinseanlegget visar at alle prøvar i 2020 overheld krava om primærreinsing i utsleppsløyvet.

Slam frå anlegget blir levert til biogassanlegg med strenge krav til tungmetallinnhald. Ei prøve viste for høge konsentrasjonar av kadmium utan at ein fann årsaka til dette. Elles har resultatane vore innanfor grenseverdiane.

I den første tida etter driftsstart hadde ein utfordringar knyta til tynnsamlageret på anlegget som resulterte i høg belastning på luktreduksjonssystemet på anlegget. Ein fekk i samband med dette utført luktspreiingsanalysar for anlegget. Analysane er basert på eit «worst case

scenario». Utfordringane knytt til slamlageret er no løyst og kolfilter skifta ut, og utfordringane med omsyn til luktspreiing synes i stor grad å vere løyst. Enkelte utbetringar i pumpeump for rejectvatn som også er ei kjelde til lukt står att. Heradet planlegg å få utført ei ny spreingsanalyse når drifta av anlegget har gått seg til.

Akkreditert prøvetaking

Proessen med å etablere lovpålagt akkreditert prøvetaking ved Notaneset er godt i gang, og ein forventar at anlegget vert akkreditert innan utgangen av 2020.

Leidningsnett og pumpestasjonar

Det blir utført mykje arbeid på leidningsnettet i tettstaden som sanering av fellesleidningar og sanering av gamle private utsleppspunkt og tilkopling til kommunalt nett. Prioriteringsrekkefølga i kommunedelplan for avløp 2017-2024 blir lagt til grunn for dette arbeidet. I 2020 er det mellom anna arbeid på leidningsnettet ved Norheim og Valland/Eikehaugen.

I tillegg til sanering av fellesleidningar vert det også utført utbetringar og arbeid på pumpestasjonar for å redusera overløp frå avløpsanlegga i tettstaden.

Tilstandsregistreringar av leidningsnettet vert utført kontinuerleg i Gemini VA og følges opp som fast oppgåve for ein dedikert driftsoperatør. TV-inspeksjonar og spyling av leidningsnett vert utført som fast oppgåve i samband med saneringsarbeid på leidningsanlegga.

Leidningskarta skal i følgje heradet vera 100% oppdaterte samanlikna med det ein har av informasjon. Det er innført eit nettbasert system søknad og ferdigmelding av arbeid på nettet, med målsetning om å få betre oversikt og kontroll. Heradet tilbyr også gratis innmåling av leidningsnett for entreprenørar for å sikre kvalitet på kartdata.

Alarmer frå pumpestasjonar og reinseanlegg vert varsla vaktansvarleg på SMS frå driftskontrollsystema. Aksjonstid og tiltak ved alarm avheng av og vert prioritert etter sårbarheit og alvorsgrad. Prioriteringane er ikkje nedfelt i skriftlege rutinar, men er ivareteke gjennom driftsoperatørane kjennskap til anlegget. Ein del tiltak kan settast i verk via driftskontrollen og det er reserveløysingar på alle komponentar på reinseanlegget.

Ny VA-norm

Eit revisjonsarbeid for heradet sin VA-norm er i gang, og er venta ferdig i 2020. Gjeldande VA-norm er felles for fleire kommunar i Hardanger. Ny VA-norm vil også gjelde for enkelte kommunar i Sunnhordaland. Noko av målsetninga for arbeidet er å redusere omfanget av lokale spesialføresegner i dei ulike kommunane.

Overvaking av resipient

Det er utført resipientundersøkingar i fjorden i tråd med løyvet, sist gong i 2019 (STIM Miljø). Resultata visar i hovudsak før-tilstanden i fjorden før nytt reinseanlegg på Notaneset var satt i drift. Ny undersøking vil bli gjennomført etter 4 år, i samsvar med løyvet. Fylkesmannen minner om at programmet for vidare resipientovervaking må vere i tråd med metodikk for vassovervaking gitt i Vassforskrifta og rettleingsmateriell til denne. Det vises her til varsel frå Fylkesmannen datert 28.3.2019, om krav til vassovervaking etter vassforskrifta for

kommunalt avløp i Øystese-Nordheimsund tettstad. Fylkesmannen ønsker å bli informert om og få høve til å kommentere på planlagt program for overvaking.

9 Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen